

Alsaker Fjordbruk AS

5694 ONARHEIM

Vår dato: 09.06.2016

Vår ref.: 201101958-31

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22 95 95 28 / baso@nve.no

Alsaker Fjordbruk AS – søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet, Kvinnherad kommune i Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 07.05.2014.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI-notat 12/2016 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet til landbasert oppdrett og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Eit ev. løyve til utviding av anlegget etter akvakulturlova kan ikkje nyttast før vilkåra i vassdragskonsesjonen er oppfylt. Vassdragskonsesjonen fell bort innan tre år dersom den ikkje er tatt i bruk.

Vassdragskonsesjonen ligg til grunn for vassuttaket til ei ev. utviding og NVE skal varslas skriftlig når sjølve utvidinga finn stad.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for sikkerheitskrava som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sin saksbehandlar for godkjenning av tekniske planar er Oddvar Indrebø i seksjon for damsikkerheit i tilsyn- og beredskapsavdelinga. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no, under menypunkta Damsikkerheit og energiforsyningsberedskap -> Damsikkerheit -> Regelverk.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE meiner at anlegget i si noverande form med fiskesperre er ulovleg etter vassressurslova § 8. Alsaker Fjordbruk AS må av den grunn fjerne fiskesperra og sørge for at det innan 01.01.2018 vert etablert ein anordning slik at fisk fritt kan passere dam ved opp- og utvandring. Teknisk løysning for fiskepassasje skal godkjennast av NVE. Detaljerte planer skal føreleggast NVE sitt miljøtilsyn.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.*" og "*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*" som er å finne på <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til parter (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for Alsaker Fjordbruk AS – uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet, Kvinnherad kommune i Hordaland
KI-notat 12/2016

Kopi til:

Eirik Moss
Eva Røyrane
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Jon Atle Barek
Kari Sørland
Kvinnherad kommune
Ole G. Evensen